



Skinnarbu 14.01.2017

Adressater jamfør deltakarliste

Referat oppstartsmøte for nytt GPS-merkeprosjekt på Hardangervidda og i Nordfjella

Tid: Torsdag 1. – fredag 2. desember 2016

Stad: Vestlia Resort, Geilo.

Møtt:

Namn:	Instans:	e-postadresse:
Olav Strand	NINA	olav.strand@nina.no
Morten Kjørstad	NINA	morten.kjorstad@nina.no
Vegard Gundersen	NINA	vegard.gundersen@nina.no
Bjørnar Ytterhus	NINA	bjornar.yttrhus@nina.no
Erik Lund	Miljødirektoratet	erik.lund@miljodir.no
Pål Rosland	Vegdirektoratet	paal.rosland@vegvesen.no
Therese Ruud	Vegdirektoratet	therese.ruud@vegvesen.no
Ola-Mattis Drageset	Vegdirektoratet	ola-mattis.drageset@vegvesen.no
Karianne Thøger Haaverstad	Vegdirektoratet	karianne.thoger-andresen@vegvesen.no
Lena Romtveit	Norsk Villreinsenter Sør	lena.romtveit@villrein.no
Siri Bøthun	Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen	post@sbnatur.no
Lars Nesse	Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen	larsnesse@sogn.no
Sigmund Tveitehagen	Villreinutvalet i Nordfjella	sigmund_tveitehagen@yahoo.no
Even Knutsen	Fylkesmannen i Buskerud	ek@fmbu.no
Jan Henning L'Abèe-Lund	NVE	lbl@nve.no
Frode Berntin Johannsen	NVE	fbi@nve.no
Martine Hamnes	Villreinnemnda for Hardangervidda	martine.hamnes@nore-og-uvdal.kommune.no
Endre Lægreid	Villreinnemnda for Hardangervidda -leiar	endre.laegreid@norconsult.com
Svein Erik Lund	Hardangervidda Villreinutval	svein.erik.lund@nore-og-uvdal.kommune.no
Ragnar Ystanes	Hardangervidda Villreinutval	Ragnar.ystanes@kinsarvik.net
Henning Poulsson	Hardangervidda Villreinutval	
Petter Bråten	SNO	petter.braaten@miljodir.no
Knut Nylend	SNO	knut.nylend@miljodir.no
Asgrim Opdal	Filefjell Tamreinlag	asgrim@filefjell-reinlag.no

Agenda

Olav Strand ønsket velkommen og gikk gjennom dagens agenda. Deretter presentasjon av alle deltakerne rundt bordet og kven ein representerer. Nokon nye deltakarar er komne med sidan sist, mellom anna Ola-Mattis Drageset (Statens vegvesen, Miljøavdelinga), Karianne Thøger Haaverstad (Statens vegvesen, Miljøavdelinga) og Therese Ruud (Statens vegvesen, Nasjonal turistveg), samt Bjørnar Ytrehus (veterinær) og Morten Kjørstad (forskingssjef) frå NINA.

Innleiing ved Olav:

Om historikken med GPS-merking på rein i Noreg, statusen for prosjekta i dei ulike områda, samt andre overbyggande forskingsprosjekt.

Kva sa styringsgruppa at dei ville jobbe vidare med sist gong dei møttest? Vidareføring av overvakinga av Rv7, damrehabilitering i Nordfjella, revisjonsprosessane, arealbruk i baa område (regional plan og handlingsprogramma), bestandsforvaltninga på Hardangervidda samt prosjektet som møtearena. I tillegg er det ønskeleg å sjå nærare på:

- Oppgradere overvaksingsprogrammet – helseovervaking
- Skrantesjuka
- Forskrift om bruk av forsøksdyr – oppfølging av radiomerka dyr. -krev ein viss tidshorisont i prosjekta.

Sak 1) Framlegg til organisering av prosjektet og konstituering:

Lena og Olav gikk igjennom framlegg til organisering, deltakarar i samlande referansegruppe (tidlegare styringsgruppe) og representantar i arbeidsgrupper for ulike tema. Innspel til arbeidsgruppene og samansetjinga av desse blei lagt inn etter kvart. Lena og Olav gjorde framlegg om Even Knutsen som kandidat til leiar for referansegruppa, då Fylkesmannen i Buskerud er ansvarleg fylkesmann for Hardangervidda villreinområde.

Samlande referansegruppe:

Instans:	Representant:
NINA	Olav Strand (fagleg leiar)
Norsk Villreinsenter Sør	Lena Romtveit (sekretariat)
Fylkesmannen i Buskerud	Even Knutsen (leiar)
Miljødirektoratet	Erik Lund
Vegdirektoratet	Pål Rosslund
Vegdirektoratet -Miljøseksjonen	Ola-Mattis Drageset
Vegdirektoratet -Miljøseksjonen	Karianne Thøger Haaverstad
Vegdirektoratet -Nasjonal Turistveg	Therese Ruud
NVE	Jan Henning L`Abèe-Lund
NVE	Frode Johansen
Hardangervidda Villreinutval	Ragnar Ystanes
Hardangervidda Villreinutval	Svein Erik Lund
Hardangervidda Villreinutval	Henning Poulsson
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet	Endre Læg Reid
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet	Martine Hamnes
Buskerud Fylkeskommune	Ellen Korvald

Nordfjella Villreinutval	Sigmund Tveitehagen
Nordfjella Villreinutval	Harald Skjerdal
Villreinnemnda for Nordfjella	Siri Bøthun
Villreinnemnda for Nordfjella	Lars Nesse
SNO	Knut Nylend
SNO	Petter Bråten?
Vassdragsregulantane?	?
Kommunane?	?

Nokon aktørar må gjera avklaringar internt om kven som skal representere bådei referansegruppa og i aktuelle arbeidsgrupper (som SNO, NVE, Vegdirektoratet m.fl). Ynskje frå forsamlinga om at overbyggande gruppe skal fungere som «referansegruppe» framfor «styringsgruppe». Dette er også eit vilkår for Fylkesmannen i Buskerud, for å ta på seg rolla som leiar for gruppa. Even Knutsen blei valt som leiar og referansegruppas konstituert ved akklamasjon.

Gjennomgang av forslag til arbeidsgrupper; ein del innspel og drøftingar om storleiken på arbeidsgruppene. Innspel om at regulantane og andre bidragsytarar må vera representert i hhv arbeidsgrupper og evt referansegruppa. Det blei vedteke at dei ulike grupperingane av bidragsytarar (t.d. kraftregulantar eller kommunar) må velje sine representantar inn i dei ulike gruppene, slik det er mest tenleg. Det er ikkje ynskjeleg at alle bidragsytarane skal vera representert i hhv arbeidsgruppe eller referansegruppe då gruppene då lett blir for store.

Framlegg til samansetting av dei ulike arbeidsgruppene for dei ulike tema:

Arbeidsgruppe 1) Rv7:

Instans:	Representant:	Finansiering per år:
NINA	Olav Strand	
Miljødirektoratet	Erik Lund	
Vegdirektoratet	Pål Rosslund	500.000 Tidshorisont?
Vegdirektoratet	Ola-Mattis Drageset -Miljøseksjonen	? Tidshorisont?
SNO	Knut Nylend	
SNO	Petter Bråten evt andre (intern avklaring)	
Hardangervidda Villreinutval	Ragnar Ystanes	
Hardangervidda Villreinutval	Svein Erik Lund	
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet	Endre Lægreid	Restmidlar årvisse budsjett
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet?	Avklaring internt vedr om sekretær skal delta	

Arbeidsgruppe 1) Rv7 er i hovudsak sett i hop av deltakarar som er direkte involvert i oppfølging av stengingsregimet dersom villreinen på Hardangervidda og/eller i Nordfjella nærmar seg Rv7.

Arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg:

Instans:	Representant:	Finansiering per år:
NINA	Olav Strand	Fagleg leining
NVE	Jan Henning L`Abèe-Lund	?
Nordfjella Villreinutval	Sigmund Tveitehagen	
Nordfjella Villreinutval	Harald Skjerdal	
Villreinnemnda for Nordfjella	Siri Bøthun (sekretariat)	
Villreinnemnda for Nordfjella	Lars Nesse/Trygve Skjerdal	Restmidlar årvisse budsjett
	Knut Helge Kjærvik	
E-co	Alf Bjarne Hjelle	300.000
E-co	Lars Oust	
Fylkesmannen Sogn og Fjordane	Hermund Mjelstad	?

Arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg er i praksis merkeprosjektet i Nordfjella, som alt er godt i gang med sitt arbeid. Siri Bøthun er sekretær for dette arbeidet, som i sin heilskap per i dag er finansiert av E-Co. Det blei også drøfta å invitere med Statnett og Statkraft i samband med aktuell revisjon på Mår-Gøyst reguleringa på Hardangervidda, men dette må ein koma tilbake til.

Arbeidsgruppe 3) Ferdsl Hardangervidda:

Instans:	Representant:	Finansiering per år:
NINA	Vegard Gundersen (leiar)	
Besøksstrategi Hardangervidda	Morten Johannessen	?
Handlingsprogramma Regionale planer	Ellen Korvald	300.000?
Hardangervidda Villreinutval	Ragnar Ystanes	38.000
Hardangervidda Villreinutval	Svein Erik Lund	
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet	Endre Lægreid	100.000,- Restmidlar frå årvisse budsjett
Fylkesmannen i Buskerud	Even Knutsen	100.000
DNT	Jan Erik Reiten (DNT Oslo og Omegn)	25.000
Kommunane fellesrepresentant	?	(Totalt 210.000,- sjå nedom)
Statens Vegvesen, Miljøseksjonen	Ola-Mattis Drageset	?
SNO?	Lars Inge Enerstvedt?	
Norsk Villreinsenter Sør	Lena Romtveit	Sekretariat
Bidragstytarar:		
Fylkesmannen i Hordaland	Øystein Aasland?	100.000
Fylkesmannen i Telemark	Odd Frydenlund Steen?	100.000
Telemark Fylkeskommune	Geir Sørnum	100.000
Hordaland Fylkeskommune	Snorre Waage	100.000
Buskerud Fylkeskommune	Ellen Korvald	100.000
Vinje kommune	Dorthe Huitfeldt?	25.000
Odda kommune		25.000
Ullensvang herad		25.000
Eidfjord kommune	Gunnar Elnan?	25.000
Ulvik herad		25.000
Hol kommune		25.000
Nore- og Uvdal kommune	Svein Erik Lund	25.000
Rollag kommune		10.000
Tinn kommune	Bjørn Bjørnson	25.000

I Arbeidsgruppe 3) Ferdsl må er det i skrivande stund uklart kva ein kan søke hhv Statens vegvesen (Miljøseksjonen) om av midlar og kor vidt dei skal delta i denne gruppa. Tilsvarande gjeld prosjektet om Besøksstrategi for Hardangervidda under leiging av Morten Johannessen. Det må også gjerast avklaring på kven ifrå SNO som skal delta i denne arbeidsgruppa og kven som skal representere kommunane.

Arbeidsgruppe 4) Regionale planer og fokusområde

Instans:	Representant:	Finansiering per år:
Buskerud Fylkeskommune	Ellen Korvald	Leiar arbeidsgruppa
NINA	Olav Strand	
Norsk Villreinsenter	Lena Romtveit/Anders Mossing/Marianne Singsaas	Sekretariat
Fylkesmannen i Buskerud	Even Knutsen	
Lokale representantar frå aktuelle fokusområdeprosjekt.	?	

Vedrørende arbeidsgruppe 4 om regionale planer og fokusområde, kom det opp spørsmål om denne tar inn i seg dei arbeidsgruppene som alt er etablert for fokusområda på Hardangervidda, og evt tilsvarende i Nordfjella (som for eksempel Finseområdet), eller om desse skal vera egne arbeidsgrupper. Etter eit eige møte (7. januar på Skinnarbu) med Ellen, Olav og NVS, samt epost-utveksling med fleire, blei det bestemt at denne gruppa blir ei samlande gruppe for eventuelle egne prosjekt eller arbeidsgrupper knytt til spesifikke fokusområde, som t.d. blir initiert gjennom Handlingsprogramma for dei Regionale planane. Ein må koma nærare tilbake til kven som skal inn i denne arbeidsgruppa frå dei lokale fokusområdeprosjekta rundt om.

Arbeidsgruppe 5) CWD, oppfølging av merka dyr:

Instans:	Representant:	Finansiering per år:
Miljødirektoratet	Erik Lund	Finansiering av dette arbeidet må takast etter kvart som ein får oversyn over omfanget. Dette vil i utgangspunktet gå i regi av Miljødirektoratet og Mattilsynet.
Mattilsynet		
SNO	Knut Nylend	
NINA	Bjørnar Ytrehus	
NINA	Olav Strand	

Då ein i 2016 har gjort funn av CWD (skrantesjuka) hjå rein i Nordfjella har ein fått ein heilt ny situasjon i Noreg som krev ekstraordinære tiltak og handling. Då GPS-merkeprosjektet på villrein i utgangspunktet samlar mange av dei sentrale aktørane også for CWD-fokuset, har ein i dette prosjektet valt å nedsette ei eiga arbeidsgruppe som sikrar samgangen mellom overvakinga av merka dyr i felt og prøveinnsamling til CWD-arbeidet, på tvers av institusjonane.

Det vil vera SNO som må få oppdraget med tilsyn/oppsynsverksemd i denne samanhengen. Dei kan vidare gjera tenestekjøp frå t.d. fjelloppsynet lokalt. Den viktigaste jobben blir å finne mannskap. CWD vil gje ulike utfordringar og oppgåver til gruppa, t.d. grenseovervaking, isolering av delbestand som per dato er kjent smitta.

Tiltaka er avhengige av div. disposisjonar. SNO har mange viktige oppgåver og dei treng oppdraga tidleg. Dei planlegg arbeidet for vinteren no og treng ei bestilling raskt. I skrivande stund er det halde og også planlagt fleire møte om akkurat dette.

Sak 2) Rv7: ved Pål Rosslund (Statens vegvesen) og Erik Lund (Miljødirektoratet):

Pål Rosslund tok ein gjennomgang av overvaksingsregimet og status vedr Rv7. Erik Lund kommenterte om nye problemstillingar vedr CWD:

- Ikkje ynskjeleg at rein frå Hardangervidda skal koma inn i Nordfjella per i dag.
- Miljødirektoratet går ut med info om at dei ikkje vil gå inn for stenging av Rv7 komande vinter som følgje av dette. Dette fekk støtte av veterinær Bjørnar Ytrehus (NINA).
- Det er ikkje ynskjeleg å drive med aktiv jaging av reinen for at den ikkje skal krysse, men heller ikkje tilrettelegge for at den skal krysse.
- Dersom det skal gjerast tiltak for å hindre blanding, bør ein i større grad sjå til at rein frå Nordfjella ikkje kjem sørover Rv7 og evt legge inn tiltak evt på Finsetunnelen.

Dette må sjåast som ei midlertidig løysing, slik at dersom ein t.d. oppdagar CWD på Hardangervidda ila vinteren, så vil på nytt stengingsregimet bli sett i drift som tidlegare.

Vedr finansiering; det er ynskjeleg at midlar blir løyvud langsiktig. Pål tar ein runde internt med dei andre representantane frå Statens vegvesen vedr kva midlar som kan løyvast og koplast til kva tema, samt kor langsiktige avtaler dei kan inngå.

Sak 3) Ferdelsprosjekt på Hardangervidda ved Vegard Gundersen (NINA)

Vegard viste kva område som har hatt ferdelskartleggingar så langt. Viste døme på korleis eit intensitetskart over ferdelsen kan bli sjåande ut, og litt om generelle funn i desse prosjekta.

GPS-data frå rein på Hardangervidda sommarstid viser at reinen unngår stinettet. Det er difor ynskjeleg å ha betre kunnskap om bruken av stinettet. Arbeidet frå verneområdeforvaltinga på Hardangervidda i regi av Fylkesmannen i Telemark (Morten Johannessen) har alt kartlagt dei viktigaste innfallsportane til villreinområdet. Dei mest sentrale av desse vil vera aktuelle for ferdelsregistrering.

Vegard viste resultat frå teljingane som blei gjort i 2016. Gode data frå 19 teljarar. Nokre små tekniske problem, elles fungerte det bra. Tinnhylen/Snæro (ca 16400/7000) utmerkar seg med mest trafikk, deretter Hadlaskar, Vivassdalen (ca 2000 passeringar), Nupstjønna/Loftsdokktjørn. Ynskjer å gjenta dei same stadene i 2017, samt nokon fleire punkt i aust og lengre inne på fjellet. Trafikken toppar seg omkring 1. august og mellom 08:00 og 20:00 ilar døgnet. Fann likevel ingen effekt hjå reinen ved at den kryssar nattetid som kompensasjon for trafikken på dagtid.

Planen framover:

- Drift av 30 automatiske teljarar i perioden – viktigaste innfallsportar.
- Svarkasser på dei viktigaste innfallsportane i 2017 (40-50)
- Alternativ utdeling av svarskjema
- Fordjupande etterundersøkingar med epostar frå svarkassene

Ferdsl også vinterstid kan vera interessant å sjå på vidare; Kiting kan vera eit aktuelt tema her og det er særleg aktuelt knytt til områda langs Rv7, også i ljos av satsinga på Nasjonal Turistveg. Vegard oppmodast difor til å sjå på aktuelle teljepunkt i området mellom Rv7 og Bergensbanen, samt langs Rv7.

Framlegget til arbeidsgruppe er veldig grei. Spørsmålet om finansiering vil måtte fordelast mellom dei aktuelle representantane. Handlingsprogrammet i Regionale Planer har aleine 450.000,- som er tenkt til analyser forholdet ferdsl og villrein, som moglegvis kan tas rett inn i dette prosjektet. Vegvesenets turistvegsatsing kan kanskje også vera ein partner i dette.

Sak 4) Skrantesjuka i Nordfjella – status og tankar om neste år. Ved

Bjørnar Ytrehus (NINA), Sigmund Tveitehagen (Villreinutvalet i Nordfjella), Lars Nesse (Villreinnemnda i Nordfjella), Asgrim Opdal (Filefjell Tamreinlag)

Bjørnar innleidde med å orientere om funna av CWD-sjuka (skrantesjuka) dyr i Nordfjella og om sjukdommen generelt (Sjå vedlagt presentasjon). CWD er ein overførbar sjukdom som høyrer til svampaktige hjernesjukdommar, som inngår i same rekka som skrapesjuka hjå sau, kugalskap og Kuru-sjukdom som blei oppdaga på ei lita lokal stamme med folk på Papua-NyGuinea.

Den høyrer inn under definisjonen prionsjukdom. Prion er to like protein, der det eine er tredimensjonalt og påverkar det andre naturlege proteinet som det møter til å endre form. Dei nye

proteina koplar seg i kvarandre og dannar stablar som ikkje let seg bryte ned i kroppen, men hopar seg opp og er dødeleg.

Prionsjukdom:

- 1) Arveleg form; har utgangspunkt i ein mutasjon, held seg i hjernen og er ikkje smittsom.
- 2) Spontan/sporadisk – «legeinfisert»-smittsom, men ikkje smittsom elles.
- 3) Infeksiøs; finns i fleire vev i individet, kan skiljast ut att og dermed smitte andre individ.

Smitte tas opp gjennom munn/nese, spreiaast i lymfesystemet, skiljast ut via neseslim, spytt, urin og avføring, hopar seg opp i hjernen og tar ca 16 månader før ein får utbrot. Sjukdomsperioden er ca 3-4 månader og mot slutten får dyra «skranke»-symptoma som for eksempel avmagring. Lang inkubasjonsfase og tidleg utskiljing. Nesten ingen immunrespons. Ekstremt motstandsdyktig, tolerer godt desinfeksjon og varme. Bind seg til jord og støv. Blir verande i miljøet. Vanskeleg å påvise utan å infisere nye dyr. Spreiast frå kadaver, tas opp i planter. Genetikk er avgjerande. Ulike Prnp genotyper har ulik mottaksemne, inkubasjonstid osv. Prion endrar seg over tid, det er avgjerande korleis vertens PrPc er, og ein finn stadig nye stammer. Er skrantesjuken farleg for menneske eller husdyr? Per i dag er det lite truleg.

Situasjon i Noreg p.t:

- 5 tilfelle
- To stader langt frå kvarandre
- To ulike artar – ein ny (rein)
- Visse ulikskapar
- Arveleg?
- Spontan sjukdom?
- Smittsom sjukdom? CWD frå Nord-Amerika? Frå annan art? Frå hjort med arveleg sjukdom? Frå dyr med spontan sjukdom?

Det vil vera viktig med laboratoriearbeid framover for å klarlegge betre kva eigenskapar sjukdommen har.

Kva no? Skal ein arbeide for å utrydde dette, eller skal ein arbeide for å avgrense spreiding? Viktig no å byrje ei vurdering av aktuelle tiltak, då det er ein del ting ein kan gjera! Spesielt for vår tid her i Noreg er at me har store tette dyrepopulasjonar utan naturleg regulering ved rovdyr.

Miljødirektoratet: Mattilsynet ynskjer seg fleire prøver og det trengs raskt; Korleis skal dette organiserast? Denne referansegruppa utfordrast på dette; ein kan ikkje vente med tiltak til ein veit alt. Kan moglegvis analysere alle innsamla avføringsprøver frå merka dyr for CWD, dette vil bli undersøkt.

Sjå vedlagt presentasjon av Bjørnar Ytrehus (NINA) for meir detaljert informasjon.

Sak 5) Regionalplan og fokusområde

Då Ellen Korvald (Buskerud Fylkeskommune), koordinator Handlingsprogramma regionalplan Hardangervidda og Nordfjella) ikkje kunne stille på møtet, så presenterte Olav litt stoff Ellen hadde sendt over. Mellom anna tok han ein gjennomgang av aktuelle punkt i handlingsplanane, nokon av desse er relevante i høve dette prosjektet.

Med tanke på arbeidet framover med fokusområde, er aktuelle innspel i Nordfjella til no:

- Finse, jernbane, Rallarvegen
- Geiteryggen
- Sti- og løypetrasear; fokusområde i aust: Hallingskarvet og aust i Hol/Ål/ Hemsedal
- Vegar (Fv50, og turistveg Aurlandsfjellet)

Sak 6) Arbeidsgruppe kraft og anlegg ved Siri Bøthun, sekretær Nordfjella Villreinnemnd

Siri Bøthun presenterte bakgrunnen og gruppa sitt arbeid så langt.

Kom anbefaling vidare om å halde på eksisterande gruppe og halde fokuset til pågåande arbeid i Nordfjella.

Sak 7) Bestandsutvikling og kondisjon, Radiomerking og oppfølging i felt ved Olav Strand (NINA/NVS)

Olav gjekk gjennom tema med ein presentasjon. Viktige moment frå denne:

- Merkebehov
- Forskrift for bruk av forsøksdyr
- Overvaking, oppfølging av dyra i felt
- Viktig med varsling, stort informasjonsbehov lokalt.
- Har den avgrensa arealbruken tyding for dyras helse?
- Har sommarbeita blitt meir viktig?
- Samanhengen ferdsl-arealbruk

Nokre stikkord:

Innsamling av materiale i 2016 for prøvetaking også med tanke på andre sjukdomar. Knutshø – innsamling av materiale i 2017. Felling av skrantande dyr i samband med ettersyn av radiosendarane. Det vil vera viktig å sikre samordning mellom ettersyn av merka dyr i felt og prøveinnsamling.

Habitatfragmentering og sjukdom ved Bjørnar Ytrehus (NINA)

Barrierer skaper høg funksjonell bestandstettleik. Bestandane mistar molegheiten til migrasjon og får dårlegare næringstilgang og auka stress.

Forsking – kompliserte datasett

Mål: Å finne samspelet mellom alle påverkningsfaktorane

Radiomerking i år ved Olav Strand (NINA)

- Hardangervidda i vinter: 15 dyr (mål=20 dyr samtidig merka) vanskeleg å merke så mykje innom same vinter.
- Nordfjella: Tar høgde for 15 dyr, inkl. bukk merka med satellittsendarar.
- Deling av data med Filefjell tamreinlag – prøvar felles visning i www.dyreposisjoner.no
- Feltoppfølging vil få større tyngde – etterkontroll av flokken

Vidare vil det vera:

- Fokus på fallvilt! Gå ut og be om varsling.
- Felling for prøver – CWD og andre sjukdomar
- Grensetilsyn i Nordfjella: Fv50, Rv52, Jernbanen/Rallarvegen og Rv7

Det vil også bli halde informasjonsmøte i Nordfjella for planlegging av prøveinnsamling. Ein vil halde eit ekstra fokus i sone 2 i Nordfjella, samt gjera innsamling på Hardangervidda. Det er viktig å skape eigarforhold til innsamlinga hjå jegerane; ikkje berre materialinnsamling til «forskarane».

Generelle innspel:

I høve plassering av namn på deltakarar i arbeidsgruppene: Kwart organ må ta ein gjennomgang av listene frå møtet 01.12, og sjølve vurdere kva representantar frå eigen organisasjon som skal sita i dei ulike gruppene.

Vegdirektoratet ynskjer å involvere seg frå Miljøavdelinga. Ein god arbeidsgruppe kan være gr. 3 om Ferdsl. Gr. 1 er avgrenset til merkinga og stegeregimet. Gr. 3 vil famne om breidare problemstillingar. Ellers bør dei vera inkludert i den overordna referansegruppa.

Den overordna referansegruppa må ha eitt årleg fellesmøte. Arbeidsgruppene styrer sine egne møte.

Skinnarbu 14.01.2017

Lena Romtveit, Norsk Villreinsenter Sør.